

# Individuell plan (Ip) i Voss herad

Dips samspel

# Koordinerande eining (KE) skal:

- Ta imot meldingar om behov for Individuell plan.
- Syte for at heradet har rutinar og prosedyrar for arbeidet med Individuell plan.
- I Compilo ligg det informasjon til koordinatorar for korleis ein opprettar og brukar Individuell plan i Dips samspel.
- Koordinatorar får opplæring i Dips samspel etter behov. Har også samlingar årleg der koordinatorane får høve til å oppdatere/ friske opp funksjonar i Dips.
- Dips er i bruk på tvers av nivå og avdelingar som partane tilhører, lækjar, spesialisthelsetenesta, lærar, fysioterapeut eller føresette får eigen tilgang til Dips og planarbeidet der.

## Koordinerande eining i Voss herad:

- Anne Gjeraker, ass.rektor Skulestad skule, Laila Brekkhus – Forvaltingskontoret, og Arnhild Vethe som er tilsett ved Forvaltingskontoret med arbeidsoppgåver i Koordinerande eining.
- Ventar på person frå styrargruppa til barnehagane i heradet.
- KE har mynde på tvers av avdelingane Oppvekst og Helse og omsorg i saker der det vert tildelt koordinator eller kontaktperson frå teneste som følgjer barnet eller ungdomen.
- Alle partar som er inne i eit samarbeid rundt eit barn har plikt til å delta i samarbeidet. Det er tenestene i heradet som skal koordinere, spesialisthelsetenestene, Nav og andre velferdstenester har plikt til å delta i samarbeidet.

# Individuell plan

- Retten er lovfest i Pasient- og brukarrettigheitslova, heradet pliktar å tilby lp etter Helse- og omsorgstenestelova. Fleire andre lover har lovfesta plikta til å tilby lp.
- Førmål:
  - å sikre heilheit og individuelt tilpassa tenestetilbod.
  - sikre pasient/ brukar si medverknad og påverknad
  - styrke samhandling mellom tenesteytar, pasient/ brukar og pårørande
  - styrke samhandlinga mellom tenestytalar på tvers av fag, nivå og kommunale avdelingar

På denne måten få til individuelt tilpassa og målretta teneste.  
Overordna plan som tek opp i seg mål og tiltak frå ulike tenester.

# Dips samspel

- Min plan, oversikt over mine ressursar og utfordringar. Mine mål og kva me skal gjera for å oppnå dei.
- Du som yter tenester til meg får tilgang til bakgrunnsinformasjon knytt til det me skal samarbeida om.
- Alle tenester/ samarbeidspartar bidreg.
- Ulike livsområder, bustad/ heim og daglegliv, familie/ sosialt nettverk, kva er særleg viktig for meg.
- Hovudmål og delmål, knyter konkrete tiltak til kvart mål. System for evaluering og endring.
- Koordinator er den somorganiserer samarbeidsmøter og set saman planen. Evaluering på agenda i samarbeidsmøtene.

# Dips samspel

- Løysing for møteinkalling, mal for referat og system for dialog som tek vare på personopplysingar.
- Fylgjer planeigar i overganga t.d frå ungdomsskule til vidaregåande skule og vidare til tenester i eigen bustad. Arkivfunksjon.
- Heradet starta i år med å bruke Dips si løysing Stafettlogg. Det er kommunikasjonssystem for lågare nivå av samarbeid som mellom heim, barnehage/ skule og ppt. Mål om at tidleg innsats er førebyggande. Stafettlogg kan ein gjere om til lp viss/ når samarbeidet «utvidar seg».
- Røynde brukarar av Dips samspel seier at det er funksjonelt og godt verktøy, som krev at ein brukar det jamt.
- Nye brukarar må ha tid og mengdetrenings for å verta «gode».
- KE har prioritert digital oppfrisking til alle koordinatorar. For Stafettlogg vert det gitt opplæring på aktuell arbeidsplass. Koordinator/ kontaktperson lærer opp brukar, ev.foreldre og andre i samarbeidet.

# Kva fungerar godt i dag:

- Direkte kontakt mellom tenesteytarane i dei enkelte sakene. Digital Ip er godt samhandlingsverktøy både for å dele informasjon og for å kommunisere på tvers. Ansvarsgruppemøter/ samarbeidsmøter ein god arena for rolleavklaring.
- Det må vera vilje til samarbeid.
- I heradet har me gjort ei endring i samsvar med BTI sin modell for samarbeid. Fordeler ansvar for å fylgje opp samarbeid mellomtilsette i barnehage eller skule og koordinatorar ute i tenestene til helse- og omsorg.